

Tilskot til kulturminne i Hordaland 2016

Bevaringsprogram for utvalgte arkeologiske
kulturminne (BARK)



Søkjar: Bømlo kommune

Prosjektkostnad: 149.600,-

Søknadssum: 74.800,-

Kulturminnet

Sokkamyro i Bømlo kommune er eit kulturminne frå steinalder. Snarare enn ein vanleg buplass var Sokkamyro ein verkstadsplass, noko ein kan sjå av den store mengda produksjonsavfall, uferdige øksar og knakkestesteimar. Det dominerande råstoffet var grønstein frå steinbrot på Hespriholmen.

Ungravinga i 1901 var den andre store undersøkinga av ein steinalderbuplass i Noreg. Kulturminnet har ein viktig plass i vitskapshistoria og har stort kunnskaps- og formidlingspotensiale. Det står fleire skilt ved bygdetunet som er lite synlege. Kulturminnet er ikkje synleg på overflata, og framstår som ei stor, flat myr som ligg mellom Hillestveit skule og Langevåg Bygdatun. Delar av myra vert slått av Langevåg Bygdatun. Det er laga ein formidlingsfilm om staden.

Prosjektet

Prosjektering av tilrettelegging og skjøtsel av kulturminne

Bømlo kommune søker om midlar til prosjektering for å få best mogleg grunnlag for gode løysingar med omsyn til både formidling og forsvarleg bruk. Gjennom forprosjektet skal følgjande tiltak verte konkretisert, budsjettet, vurdert og prioritert:

- Møglegheitene for betring av tilkomst via universelt utforma stiar/gangvegar/anna
- Formidling via teknologiske løysingar. Mogleg applikasjon for mobil og nettbrett som viser havnivå/transgresjon/vitskapshistoria knytt til lokaliteten.
- Tilrettelegging og konkretisering av eit opplegg for skulane via den kulturelle skulesekken. Vurdera opplegg for å sertifisera skuleelevar som guidar på lokaliteten i sumarsesongen.
- Inkludera Sokkamyro og andre steinalderlokalitetar i området i eit påtenkt nettverk av stiar.

Vurdering

- *Tiltaket er initiert og prioritert av kommunen.*
- *Det er ikkje andre tilrettelagte arkeologiske kulturminne i kommunen.*
- *Møglegheitene for Universell utforming skal utgreiast gjennom prosjektet.*
- *Kulturminnet er svært kjent og har stor kunnskapsverdi. Det er mykje å formidla om staden og den har såleis stort formidlingspotensiale.*
- *Tiltaket er lokalt forankra gjennom dialog med grunneigarar, Langevåg Bygdatun og Hillestveit skule.*

Prosjektet har lenge vore ynskt gjennomført frå kommunen si side. Nærleiken til den lokale skulen og bygdetunet gjer kulturminnet veleigna til formidling. Det er sterkt ynskje frå kommunen om å utvikla Sokkamyro slik at historia knytt til lokaliteten vert meir tilgjengeleg. Steinalderlokalitetar er sjeldan synleg på markoverflata, og det er naudsynt med god og kreativ formidling for å skapa interesse for desse kulturminna.

Søkjar: Lindås kommune

Prosjektkostnad: 750.000,-

Søknadssum: 350.000,-

Kulturminnet

Gravhaugen som er kalla Kongshaugen eller Håkonshaugen er frå jernalderen og er utgraven og restaurert. Haugen vart restaurert etter gjeldande prinsipp på byrjinga av 1960-talet, med trapp, murar og gjerder som «rammar inn» haugen. Haugen har seinare vore nytta som kulisse for eit spel, men denne praksisen er no slutt. Staden er svært viktig lokalt og vert mykje nytta som samlingsstad til dømes ved 17.mai feiring, og er 1000-års staden til Lindås kommune. I samband med slike samlingar er mangel på universell utforming eit problem, og det er ikkje mogleg å koma til kulturminnet utan å gå i trapper. Kulturminnet er ein viktig del av den lokale identiteten til bygda, og vert vitja av turistar og grupper i sesongen. Det vert gjort skjøtsel av haugen, men tilstanden til den noverande tilrettelegginga gjer vegetasjonsarbeidet vanskeleg.

Kulturminnet står ikkje på prioriteringslista til BARK, men Lindås kommune har søkt om å få kulturminnet inn på lista.

Prosjektet

Universell tilrettelegging og formidling

Kommunen ynskjer at 1000-årsstaden skal framstå godt skjøtta og vedlikehalden. Dagens trappetilkomst og natursteinsdekke på platå nord for haugen gjer vedlikehald vanskeleg og krevjande. Kommunen ynskjer no å endra tilrettelegginga til å vera meir i tråd med dagens praksis, der fokuser ligg på kulturminnet som ein del av landskapet i kring. Det er òg ynskje om at haugen skal vera universelt tilgjengeleg. Prosjektet omfattar følgjande tiltak:

1. Fjerna eksisterande trapp og etablera ny gangsti med fast dekke som tilfredsstiller krav til universell utforming opp mot haugen.
2. Byta ut eksisterande natursteinsheller med grasmeringsrister på platå nord for sjølve haugen. Slik vil dekket bli jamnare og gå meir i eitt med landskapet rundt.
3. Fjerna mur i bakkant og på sørside av platå og jamne ut kantar slik at kulturminnet blir ein del av landskapet. Fjerne gjerdet rundt kulturminnet dersom det let seg gjere med tanke på husdyrhald. Legge forsiktig til rette for publikum ved sitjekantar i to nivå opp mot skråning i nord
4. Tilrettelegge for publikum ved å setje opp benkar og nye infotavler på platå der ny gangsti kjem opp til haugen.

Vurdering

- *Haugen har stor verdi og formidlingspotensiale lokalt.*
- *Haugen er viktig i lokalsamfunnet og er brukt som samlingsstad.*
- *Det er ikke andre tilrettelagte arkeologiske kulturminne i kommunen.*
- *Tiltaket er særskilt retta mot universell utforming.*
- *Tiltaket er høgt prioritert av kommunen og er 1000års-staden til Lindås kommune.*

Haugen er viktig del av bygdeidentiteten i området. Hordaland fylkeskommune er positive til fokuset på universell utforming. Detaljane kring gjennomføring og utforming må avklarast separat med fylkeskommunen som regional kulturminnemynde. Tiltaket vil krevja dispensasjon frå kulturminnelova og det er difor Riksantikvaren som har endeleg avgjerdslemynde i høve til tiltaket.



Kongshaugen i dag.
Trappa gjer haugen
lite tilgjengeleg for
fleire brukargrupper.
(Foto: Lindås
kommune)



Illustrasjon frå søknad
om korleis tiltaket er
tenkt. Ved å fjerna
murar og gjerder glir
haugen meir inn som
del av landskapet, og
er tilgjengeleg for
alle. (illustrasjon
utarbeidd av Lindås
kommune)

Søkjar: Meland kommune

Prosjektkostnad: 72.125,-

Søknadssum: 36.000,-

Kulturminna

Det er ei rekke kulturminne i området kring Meland Golf- og Naturpark, mellom anna buplassar frå yngre steinalder og spor av gardsdrift frå yngre jernalder. I samband med utbygging av parken var det i tillegg ei rekke utgravingar i området. Prosjektet vil fokusera på området kring den gamle husmorskulen. Kulturminna er ikkje tidlegare tilrettelagt eller formidla, men på grunn av utgravingane eksisterer det mykje kunnskap om forhistoria i området som kan formidlast.

Prosjektet

Formidling av kulturminne

Kommunen vil setje opp informasjonstavle som tar utgangspunkt i utgravingane i området og formidla eit utval av dei. Innhaldet skal vera fokusert mot barn og unge, og visa korleis området såg ut og vart nytta i yngre steinalder og korleis gardsdrift i yngre jernalder kan ha gått føre seg. Tavla skal stå synleg ved bygga til golfbana. Staden er mykje nytta av brukarane av golfbana, og er utgangspunkt for fleire turløyper i området. Tiltaket vil vera i samsvar med planprogram for kulturminneplan i Meland kommune som er under utarbeiding. Tiltaket vil løfta fram dei for mange ukjende kulturminna og synleggjera denne verdien for ålmenta.

Vurdering

- *Dei utgravne kulturminna har stor formidlingsverdi.*
- *Tiltaket er kommunalt prioritert.*
- *Det er ingen andre tilrettelagte arkeologiske kulturminne i kommunen.*
- *Det er ikkje planar om universell utforming.*
- *Det er ikke gjort greie for lokal forankring men tiltaket vil truleg skapa lokalt engasjement.*

Å nytta seg av kunnskap som er komen til ved utgraving og registrering, og å formidla denne til ålmenta er ei viktig oppgåve for kulturminnevernet. Det er positivt at kommunen tar initiativ til dette arbeidet og ynskjer å lyfta fram også den fjernare delen av historia til kommunen. Fokus på born og unge og å lokalisera tiltaket til ein stad som allereie er mykje nytta vil syta for at mange får med seg denne informasjonen og kan få ny kunnskap og interesse for kulturminna i kommunen.

Bygdeborg på Børshovda, Sveio kommune

Søkjær: Sveio kommune

Prosjektkostnad: 36.000,-

Søknadssum: 18.500,-

Kulturminnet

Kulturminnet er ei såkalla bygdeborg, eit forsvarsanlegg som ligg på toppen av fjellet Børshovda. Slike bygdeborger er frå jernalder og ligg på knausar og fjelltoppar som frå naturen si side er vanskelege å koma opp på. Det er merka tursti til toppen og borga er kort nemnd på tavle ved starten av stien. Her er spor etter kulturminnet i form av utrasa murar, men trass i at det er mange som veit det har lagt ei bygdeborg her er det få som kjenner til noko om denne typen kulturminne eller kvar ein kan sjå spor etter dette i terrenget.

Prosjektet

Skilting av kulturminne

Skilting av bygdeborga på Børshovda er eit av tiltaka i handlingsplanen til kulturminneplanen til Sveio. Området er allereie mykje nytt til friluftsliv, og parkering og merking er på plass. Prosjektet som er omsøkt er midlar til å setje opp eit kulturminneskilt med informasjon om bygdeborga og den historiske samanhengen den står i. Eit formidlingsskilt vil synleggjera ein ny dimensjon ved dette turmålet og gjera kunnskapen tilgjengeleg for dei som nyttar området.

Vurdering

- *Dei karakteristiske naturformasjonane der ein oftest finn bygdeborger gjer at slike kulturminne har stor opplevingsverdi og formidlingsverdi.*
- *Stien til toppen er lagt til rette i samarbeid med lokale lag og ressurspersonar, og skiltet vil verte sett opp av frivillige.*
- *Det er andre tilrettelagte arkeologiske kulturminne i kommunen.*
- *Grunna topografi er det ikkje planar om universell utforming.*
- *Kulturminnet er prioritert i kommunen sin kulturminneplan gjennom omsynssone og handlingsplan.*

Å knyta kulturminne opp mot friluftsliv og naturopplevelingar er ein god måte å formidla på. At staden allereie er nytt til og tilrettelagt som turmål gjer det svært enkelt å leggja til rette for formidling av kulturminne og historie i tillegg. Slik kan ein få ei ekstra oppleveling ut av turen, og gjera folk kjent med ein del av forhistoria som nok er ukjend for mange.

Søkjar: Sveio kommune

Prosjektkostnad: 38.000,-

Søknadssum: 19.000,-

Kulturminna

Ved ein umerka men mykje nytta tursti nær Sveio sentrum ligg det ei gravrøys frå jernalder. Røysa er mykje tilgrodd og det er truleg ingen av turgårarane i området som kjenner til den. Her er i tillegg to små bautasteinar som det knyt seg mange lokale tradisjonar og segner til, og her er gamle steingardar som kan vera relatert til at det skal ha vore ein øydegard i området. Stien skal no merkast med tavle ved vegen. Det er uvisst kor vidt steinane er automatisk freda, men dei ligg ved ein gamal ferdsliveg noko som ikkje er ei unaturleg plassering for bautasteinar frå forhistorisk tid.

Prosjektet

Rydding av vegetasjon og skilting av kulturminne

Prosjektet er å synleggjera kulturminna langs stien og formidla desse til dei som nyttar området til turgåing. Stien går rett forbi dei to små bautasteinane, medan røysa ligg eit stykke frå stien. Sveio kommune ynskjer difor å setje opp ei informasjonstavle ved bautasteinane som fortel om gravrøysa, segn knytt til steinane og den moglege øydegarden i området. Røysa skal ryddast for vegetasjon for å gjera den meir synleg, og det skal merkast dit med pilskilt for dei som ynskjer å sjå den.

Vurdering

- *Tiltaket har formidlingsverdi, og opplevingsverdi knytt til bautasteinane.*
- *Det er stort lokalt engasjement og mange lokale historier knytt til bautasteinane.*
- *Det er andre tilrettelagte arkeologiske kulturminne i kommunen.*
- *Grunna topografi er det ikkje planar om universell utforming.*
- *Kulturminnet er prioritert av kommunen gjennom vedteken kulturminneplan og handlingsplan.*

Det er positivt at kommunen ser turgåing og formidling av kulturminne og lokalhistorie i samanheng. Det er mange kulturverdiar å formidla i dette området, og kulturminna kan synleggjera at det som no er attgrodd utmark tidlegare kan ha vore aktuelle og attraktive område for folk. Ved merking av tursti kan ein venta ei auke i talet på folk som nyttar området. Det er då viktig at det samstundes er fokus på merking og formidling av kulturminna slik at ein unngår skade eller slitasje på det som ved formidling kan vera ein spennande ressurs i området.

Kongshaugen på Apold, Odda kommune

Søkjar: Odda kommune

Prosjektkostnad: 58.300,-

Søknadssum: 29.150,-

Kulturminnet

Kongshaugen på Apold er ei gravrøys frå bronsealderen. Røysa er stor og imponerande, og berre kantane er dekka av vegetasjon. I midten av røysa står det fleire store tre.

Kulturminnet er lett tilgjengeleg ved parkering ved vegen, og ligg i eitt av dei få lett tilgjengelege naturskjønne områda med badeplass nær Odda.

Det er likevel få lokale som kjenner til at dette er eit kulturminne. Røysa er framleis godt synleg, men den er i ferd med å gro til, og det er fare for at folk kan ta stein frå røysa til gruer og anna dersom dei ikkje er kjend med at det er eit kulturminne.



Foto: HFK

Prosjektet

Rydding av vegetasjon og skilting av kulturminnet

Prosjektet er å rydda røysa for vegetasjon og å setje opp eit kulturminneskilt som fortel om kulturminnet. Formidling og tilrettelegging vil her tena fleire føremål, der formidling av kulturminnet og verdien av det samstundes vil føra til auka tryggileik for røysa. Ettersom røysa er synleg frå parkeringsplass vil skiltet verte sett opp her, og i ei høgd og utforming som er tilpassa rullestolbrukarar. Slik vil informasjonen om kulturminnet verte tilgjengeleg for alle.

Vurdering

- *Tiltaket har stor opplevingsverdi og formidlingsverdi. Røysa er stor og lett synleg, og har markant plassering.*
- *Det er ikke gjort greie for lokal forankring utanom den kommunale, men formidling av kulturminnet vil truleg skapa lokalt engasjement gjennom å gjera folk kjent med kulturminnet.*
- *Det er ikke andre tilrettelagte arkeologiske kulturminne i kommunen.*
- *Skiltet vil vera universelt utforma og tilgjengeleg.*
- *Kulturminnet er høgt prioritert som eit av dei tidlegaste og viktigaste kulturminna i kommunen.*

Kongshaugen er eit prioritert område i kulturminneplanen til kommunen. Kulturminnet er godt eigna for tilrettelegging, og har stor trøng til skjøtsel. Kommunen ser det som viktig å formidla gammal og ny historie i området, for å skapa interesse for og kunnskap om kulturminne, og gjennom dette større forståing for vern av kulturminne. Det er positivt at kommunen ynskjer skjøtsel og formidling av dette kulturminnet.

Kolgropes på Hesjabakk, Odda kommune

Søkjar: Odda kommune

Prosjektkostnad: 125.100,-

Søknadssum: 62.550

Kulturminna

Kolgropes er runde gropes i marka der det har vore produsert trekol, og dette er ein teknikk som vart nytta i slutten av jernalder og i mellomalder. Slike gropes finn ein ofte i tilknyting til jernvinneanlegg, der kolet har vore nytta som brensel. På Hesjabakk ligg det fleire kolgropes, og restane av ein jernvinneomn. Kolgropene er godt synlege i terrenget og er lette å finna dersom ein veit kva ein skal sjå etter. Omnen er synleg med steinar som stikk opp over torva.

Prosjektet

Rydding av vegetasjon og skilting av kulturminne

Kolgropene ligg tett ved stien. Dei er framleis godt synlege, men det gror til kring kanten av gropene. Det er truleg få at dei som nytta området som veit at det ligg kulturminne her, og kulturminna kan slik vera utsett for aklaus skade. Prosjektet skal sikra at vegetasjonen kring gropene vert fjerna slik at desse heldt fram med å vera godt synlege. Det skal setjast opp skilt på parkeringsplassen som viser veg til anlegget og gjev generell informasjon om jernutvinning. Det skal setjast opp eit skilt ved ei stor trestamme som ligg ved ei myr nær gropene. Trestamma viser tydeleg at det har vore stor skog her tidlegare, og her vil ein formidla tydinga av dette. Ved kolgropene og jernvinneanlegget vil det verte sett opp eit skilt litt unna kulturminna som viser kvar dei ligg. Skiltet på parkeringsplassen og ved trestammene ligg ved veg, og vil såleis vera tilgjengeleg for rørslehemma.

Vurdering

- *Kulturminna er lett synlege i terrenget og har stor opplevings- og formidlingsverdi.*
- *Det er stor interesse i kommunen for jernutvinning og eldre historie.*
- *Det er ikkje andre tilrettelagte arkeologiske kulturminne i kommunen.*
- *Skiltinga vil vera dels tilgjengeleg for rørslehemma.*
- *Kulturminne som er prioriterte av kommunane.*

Kolgropene og jernvinneanlegget på Hesjabakk er del av det større anlegget på Seljestad, og dette er høgt prioritert i kulturminneplanen til kommunen. I søknaden skriv kommunen at jernvinneanlegga kan sjåast som eit av kulturminna i Odda med høgast prioritet, kanskje med unntak av Smelteverkstomta. Odda kommune har sendt søknad om tre separate prosjekt gjennom BARK, og dette er det prosjektet dei prioriterer høgast. Det er positivt at kommunen ser viktigheten av å skilta og formidla kulturminne som ikkje er kjende og slik oppnå betre vern i tillegg til at folk får tilgang til kunnskap om dei.

Søkjar: Odda kommune

Prosjektkostnad: 125.100,-

Søknadssum: 62.550,-

Kulturminnet

Bygdeborga på Tjørndalshaugen i Odda er frå jernalder og ligg på ein markert topp der det er bratte berg på tre kantar. Staden er mykje nytta som turmål og det er satt opp ein kasse med bok i på toppen, men berre lokale veit om at det er ei bygdeborg. Restar av den gamle borgmuren er framleis synleg som ei rad med stein som stien går gjennom, men dette er ikkje tydeleg med mindre ein veit kva det er. Det er godt utsyn frå staden trass i at det er noko tilgrodd med vegetasjon på toppen. Ettersom staden er eit etablert turmål er det allereie tilrettelagt parkering, og stien er lett å finna. Ein kan gå til borga som del av ein rundtur på omlag ein time.

Prosjektet

Vegetasjonsryddig på kulturminnet og skilting

Det er naudsynt å rydde litt vegetasjon kring muren for å sikra at ikkje denne forsvinn under lyng og småtre, men det vil ikkje verte gjort noko større ryddearbeid. Det vil verte sett opp fleire skilt, ved parkeringsplassen, vegskilje og ved sjølve bygdeborga. Dette vil sikra at folk får informasjon om kulturminnet før dei kjem til toppen, og kan hende motivera nye grupper til å ta turen heilt til topps.

Vurdering

- *Tiltaket har stor opplevings- og formidlingsverdi. Mange kjenner allereie til at dette er eit kulturminne, og vil nok setje pris på meir informasjon om turmålet sitt.*
- *Staden er allereie mykje nytta, og skiltet vil synleggjera informasjon om staden og slik skapa lokalt engasjement.*
- *Det er ikkje andre tilrettelagte arkeologiske kulturminne i kommunen.*
- *Grunna topografiens er det ikkje planar om universell utforming.*
- *Kulturminnet er prioritert område i kulturminneplanen til kommunen, og høgt prioritert av kommunen.*

Bygdeborga er eit prioritert område i kulturminneplanen til kommunen. Å skilta bygdeborga for å komplettera staden som friluftsmål med info til skuleelevar og interesserte er nr 2 på lista over tiltak i planen. Skilting vil ha stor effekt med omsyn til formidling og kunnskap om lokal historie. Kulturminne og friluftsliv er ein god kombinasjon og det er positivt at kommunen ynskjer å trekkja fram kulturminne som vert mykje vitja men som ikkje er kjende.

Gravfelt på Årbakka, Tysnes kommune

Søkjær: Tysnes kommune

Prosjektkostnad: 28.000,-

Søknadssum: 12.000,-

Kulturminnet

Gravfeltet på Årbakka er eit strandgravfelt frå eldre jernalder med fleire bautasteinar og graver. Her har truleg vore 6-7 eller fleire bautasteinar, og minst 25 haugar, røysar og steinringar. Mykje av dette er fjerna, men det er framleis fleire synlege bautasteinar og gravminne. Det er i tillegg gjort motstandsmålingar i marka for å søkja etter kulturminne som ikkje er synlege på overflata. Det er markert fleire område som anten er kjente kulturminne eller som viser lokaliseringa til moglege kulturminne som ikkje er kjend gjennom skriftlege kjelder. Gravfeltet ligg rett ved Årbakka handelsstad og er tilrettelagt med skilt og parkering. Det vert gjort sporadisk skjøtsel og feltet vert tidvis beita med hest. Delar av feltet er tilgrodd.



Bautastein på Årbakka. Foto: HFK

Prosjektet

Rydding av kulturminnet og sikring av langsiktig skjøtsel

Det finst i dag ikkje nokon avtale for langsiktig skjøtsel av gravfeltet. Beite med hest er ikkje tilstrekkeleg for å halda vegetasjonen vekke, og hest har stort marktrykk og kan skada kulturminna. Prosjektet vil fokusera på å leggja til rette for beiting med småfe med tiltak knytt til gjerder og vassforsyning til dyra. Kulturminnet vil verte rydda for vegetasjon og ein vil sikra langsiktig avtale om skjøtsel mellom grunneigar og kommune. Det skal utarbeidast ein skjøtselsplan for å sikra god skjøtsel som ikkje fører til skade eller slitasje på kulturminnet. Kulturminnet skal sikrast mot aktlaus skade, ved å flytta løftesteinar som truleg kjem frå steinringane på feltet til ein stad der dei kan formidlast på ein skikkeleg måte.

Vurdering

- *Tiltaket har stor opplevingsverdi og formidlingspotensiale.*
- *Prosjektet er lokalt forankra gjennom kommune, grunneigar, lokale lag og frivillige.*
- *Prosjektet er ei oppgradering av eit allereie tilrettelagt kulturminne.*
- *Prosjektet omfattar ikkje særskilte tiltak for universell utforming, men er godt synleg frå veg og slik tilgjengeleg for alle.*
- *Kulturminnet er prioritert av kommune, og vil i kulturminneplanen som er under utarbeiding verte eit av dei høgast prioriterte kulturminna i kommunen.*

Årbakkavollen er viktig både lokalt og regionalt. Gravfeltet og Årbakka handelsstad er ein populær attraksjon både for fastbuande, turistar og dei som har hytte i området. Det er starta opp fredingssak for området der gravfeltet er grunnlaget for fredinga. Gode og langsiktige avtalar for skjøtsel er ein føresetnad for at feltet ikkje gror til og at det har stor opplevingsverdi for dei som vitjar staden. Årbakka er eit sjeldan og særprega kulturminne og det er positivt at kommunen ynskjer å setja fokus på staden og halda den ryddig.

Nausttuft og gravrøys på Rommetveit, Stord kommune

Søkjar: Stord kommune

Prosjektkostnad: 85.400

Søknadssum: 42.000,-

Kulturminnet

Det er gjort ei stor mengd flotte funn i ei gravrøys frå jernalder på Rommetveit, mellom anna eitt glasbeger, to spenner, leirkrukker, glasperler og anna. Det er mykje spennande kunnskap om røysa som brukarane av området kan få glede av, men i dag er det få om nokon som kjenner til dette kulturminnet som i dag ikkje er synleg på markoverflata. I nærleiken av røysa ligg det ei nausttuft frå tidleg middelalder. Tufta ligg tett ved stien i eit området med fleire eldre naust. Det er offentleg badeplass i området, og her er universelt utforma stiar og toalett. Kommunen søkte om midlar til prosjektet i 2015, men fekk avslag av Riksantikvaren med oppmoding om å søkja på nytt i 2016. I løpet av 2015 har kommunen likevel gjennomført rydding av nausttufta og kjøpt inn naudsynte skiltstativ og illustrasjonar, og har difor sendt ein omarbeidd søknad som berre omfattar dei delar av tiltaket som ikkje er gjennomført.

Prosjektet

Skjøtsel og skilting av kulturminne

Søknaden gjeld midlar til to formidlingsskilt som skal setjast opp ved den universelt utforma stien, i ei utforming som er tilpassa rullestolbrukarar. Slik vil informasjonen verte tilgjengeleg for alle brukarane av området. I tillegg vert det søkt om midlar til å setje opp ein benk ved nausttufta, og til opparbeiding av ein plass denne benken kan stå på.

Vurdering

- *Tiltaket har stort formidlingspotensiale grunna dei mange rike funna i røysa.*
- *Det er stort lokalt engasjement for prosjektet, som er tenkt knytt opp mot skular og barnehagar i området.*
- *Det er tidlegare tilrettelagte kulturminne i kommunen.*
- *Tiltaket vil vera dels universelt tilgjengeleg og ein vil leggja vekt på dette ved utforming av tekst, illustrasjonar og anna. Søknaden omfattar midlar til å setje opp ein benk som vil gjera nausttufta meir tilgjengeleg for brukargrupper med trond til jamnleg kvile.*
- *Kulturminnet er høgt prioritert av kommunen, som har lagt ned mykje ressursar i form av både arbeid og midlar i prosjektet.*

Stord kommune har arbeidd målretta med prosjektet i lang tid, og har tatt til med delar av arbeidet. Området er svært eigna for formidling ettersom det er tilgjengeleg for alle og er mykje nytta til andre aktivitetar. Trass i at røysa i seg sjølv er lite synleg, er det gjort mange funn og ein har mykje kunnskap som kan formidlast. Skilting av kulturminna vil gje området ein ny dimensjon, og vil synleggjera ny og spennande informasjon til dei som brukar staden. I Stord kommune er det òg tilrettelagte kulturminne i Hystadmarka, og det vert no arbeidd med plan for ny gangveg mellom Hystadmarka og Rommetveit. Det er ei rekkje kulturminne på denne strekninga, og etter at kulturminna på Rommetveit er lagt til rette kan ein utvida formidlinga langs denne stien og få ein samanhengande kultursti langs sjøen som vil vera til stor glede og nytte for alle som vitjar området.

Øydegard og gravrøys på Vindenes, Fjell kommune

Søkjar: Fjell kommune

Prosjektkostnad: 75.000,-

Søknadssum: 20.000,-

Kulturminna

Høybøen øydegard er eit viktig kulturminne i Fjell kommune. Garden er frå omlag år 0 e.kr og har hatt fleire bruksfasar, den siste tok slutt kring 1300 e.Kr. I landskapet kring garden er det kulturminne frå steinalder, spor av dyrking frå bronsealder, og landskapet er registrert som kystlynghei. Det er eit viktig turområde og vert i dag brukt til beite, og det er mest urørt av moderne inngrep. På øydegarden er det gravrøyser, hustufter, nausttufter, brønn, spor av hellelagte vegar, spor av åkrar, med meir. Tuftene, røysene og fleire av steinalderbuplassane i området er utgrave, og ein har difor mykje informasjon om korleis folk levde her.

Det har lenge vore ynskje om å tilretteleggja kulturminna i dette området. Arbeidet tok til i 2015 med restaurering av ei skadd gravrøys i tilknyting til gardsanlegget. I samarbeid med Hordaland fylkeskommune, grunneigar for området og Statens Naturoppsyn har Fjell kommune gjennomført rydding av dei gamle tuftene slik at desse no er godt synlege.

Prosjektet

Rydding av vegetasjon, merking av sti og skilting av kulturminne

Fjell kommune søker midlar til neste fase av prosjektet, der ein vil gå inn for å rydda eit større område kring Høybøen. Det skal gjennomførast lyngbrenning i området, både av omsyn til verdien til kystlyngheia og for å sikra at området kan skjøttast gjennom beiting. Turstiane i området skal leggjast betre til rette i samarbeid med lokale turlag. Når lyngbrenninga er gjennomført skal det setjast opp skilttavler med NFC-brikke knytt opp mot smarttelefonar for å formidla kulturminna til dei som vitjar området. Mellom anna skal det utarbeidast ein 3D illustrasjon av øydegardsområdet.


Vurdering

- *Tiltaket har stor opplevingsverdi og stort formidlingspotensiale.*
- *Fjell kommune arrangerer kulturminnevandringar til staden og dette er svært populært.*
- Tiltaket har lokalt engasjement.*
- *Det er ikkje andre tilrettelagte arkeologiske kulturminne i kommunen.*
- *Ettersom det er langt å gå til staden er det ikkje planar om universell utforming.*
- *Kulturminneområdet er høgt prioritert av kommunen, og kommunen har lagt ned mykje tid og ressursar på arbeidet så langt.*

Det er store kulturminnekvalitetar på Vindenes i Fjell kommune. Øydegarden Høybøen ligg i eit mest urørt landskap der det er lett å tenkja seg attende i tid. Her er spor frå busetningshistorie som strekkjer seg over 9000 år. Fjell kommune reknar Høybøen som det viktigaste kulturminneområdet i kommunen. Prosjektet er fleirårig, og det er lagt ned mykje innsats i 2015 i form av restaurering av gravrøys og rydding av tuftene på øydegarden.



Tuftene på Høybøen før og etter skjøtsel. Foto: HFK



Til venstre: Gravrøys fra eldste bruksfase ved Høybøen før restaurering. Øydegarden ligg i det gule, graskledde området lenger bak i biletet. Foto: HFK

Under: Etter restaurering. Røysa vart restaurert av Hordaland fylkeskommune og Universitetsmuseet i Bergen i mars 2015. Restaureringa vart gjennomført som lekk i arbeidet med å formidla kulturminna i dette området. Foto: HFK

